

# FØRSKULEGRUPPA

BARNEHAGEÅRET

2024 – 2025



# INNHALD

<b>FØRSKULESANGEN .....</b>	<b>3</b>
<b>REGLAR FOR FØRSKULEGRUPPA .....</b>	<b>4</b>
<b>FRÅ ELDST TIL YNGST .....</b>	<b>5</b>
<b>DAGSRYTME .....</b>	<b>6</b>
<b>ÅRSHJUL .....</b>	<b>7</b>
<b>HJARTESAMLING .....</b>	<b>9</b>
<b>SVØMMEOPPLÆRING .....</b>	<b>9</b>
<b>FRODE LAKS .....</b>	<b>10</b>



## FØRSKULESANGEN

GOD MORGON, GOD MORGON  
HER ER VI IGJEN  
VI KJEME SÅ GLADE TIL BARNEHAGEN HEN  
VI SYNG OG VI LEIKAR  
VI HAR DET SÅ GODT  
VI VIL IKKJE BYTE MED KONGENS EIGE SLOTT  
GOD MORGON!

# REGLAR FOR FØRSKULEGRUPPA

- §1 Vi rekker opp handa når vi vil seie noko
- §2 Vi lyttar til dei vaksne og kvarandre
- §3 Vi ventar på tur
- §4 Vi er greie med kvarandre, og seier i frå om noko er urettferdig
- §5 Vi delar med kvarandre



*Desse reglane vart laga i lag med barna på første førskulegruppe*

# FRÅ ELDST TIL YNGST

I førskulegruppa arbeider vi med å gjere barna klare for skulen. Det er ein stor overgang å gå frå å vere eldst i eit trygt miljø, til å vere yngst på skulen kor dei gjerne ikkje kjenner nokon. Vi ønsker, i samarbeid med føresette, å gi barna eit godt utgangspunkt for å gjere denne overgangen best og tryggast mogleg for barna.

## For å få til dette fokuserer vi på:

- Sjølvstendigheit
- Opplive meistring
- Ta initiativ til vennskap
- Vise at ein bryr seg om andre (medkjensle)
- Tørre å uttrykkje egne meiningar
- Løyse konflikhtar
- Ta imot og utføre beskjedar
- Konsentrasjon, kunne jobbe sjølvstendig
- Meistre av- og påkledning
- Vere sjølvstendig ved toalettbesøk
- Ha orden på klede og ting
- Forhalde seg til rutinar og reglar
- Klare å vente på tur



# DAGSRYTME

## **Dagar med svømmeopplæring:**

09.30: Velkommen til førskulegruppa

09.40: Dagens opplegg (sjå årshjul)

10.30: Lunsj

11.00: Vi går til bussen

12.00: Svømmeopplæring

13.00: Vi tek bussen tilbake

13.30: Takk for i dag!

## **Dagar utan svømmeopplæring:**

09.30: Velkommen til førskulegruppa

09.40: Dagens opplegg (sjå årshjul)

10.30: Friminutt

10.45: Dagens opplegg fortsett

11.50: Rydde og finne fram matpakke

12.00: Lunsj (med ev. høgtlesing)

12.30: Takk for i dag!

# ÅRSHJUL

Månad	Kva	Korleis
<b>August</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjent (oss sjølv og familien)</li> <li>• Lage reglar</li> <li>• Lage til permene</li> <li>• Måle høgde på barna</li> <li>• Frode laks</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi teiknar oss sjølv og familien.</li> <li>• Vi lagar reglar til førskulegruppa ilag med barna</li> <li>• Barna lagar og pyntar namnelapp til eigen perm</li> <li>• Vi målar høgda til barna.</li> <li>• Vi helsar på Frode laks og les forteljinga hans.</li> <li>• Svømmeopplæring</li> </ul>
<b>September</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjartesamling</li> <li>• Alfabet og bokstavar</li> <li>• Blyantgrep og eige namn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har første hjartesamling</li> <li>• Vi heng opp alfabetet og har oppgåver til bokstavane.</li> <li>• Vi skjekkar blyantgrepet til barna og dei prøvar å skrive namnet sitt.</li> <li>• Svømmeopplæring</li> </ul>
<b>Oktober</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Forut</b> (link)</li> <li>• Førebuing til sal av mat og produkt</li> <li>• Tall og mengder</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi snakkar om Forut barneaksjonen.</li> <li>• Vi lærer om dei ulike myntane og sedlane.</li> <li>• Butikkleik</li> <li>• Formingsaktivitet</li> <li>• Svømmeopplæring</li> </ul>
<b>November</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjartesamling</li> <li>• Hente juletre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har hjartesamling</li> <li>• Vi reiser til Vie og hentar juletre</li> <li>• Øve til Lucia</li> </ul>
<b>Desember</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Juleverkstad / forming</li> <li>• Luciatog</li> <li>• Julespel (4-5 åringane)</li> <li>• Juleferie tre siste tysdagane i desember</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har juleverkstad og lagar julepynt</li> <li>• Vi går i Lucia-tog på sjukehuset ilag med 4-åringane.</li> <li>• Vi går på julespel i kyrkja i lag med 4-åringane.</li> <li>• Førskulegruppa tek juleferie veke 51, 52 og 1.</li> </ul>
<b>Januar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjartesamling</li> <li>• Mål og vekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har hjartesamling</li> <li>• Vi snakkar om mål og vekt</li> <li>• Leik med mål og vekt <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vi deler opp i to grupper, ei som måler lengde og dei som testar å vege ting.</li> </ul> </li> </ul>
<b>Februar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Framsyning til karneval</li> <li>• Samedagen</li> <li>• Fargar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi førebur innslag til karnevalet.</li> <li>• Vi snakkar om samedagen som er 6. februar.</li> <li>• Vi lærer om fargar</li> <li>• Forming med fargar.</li> </ul>

<b>Mars</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjartesamling</li> <li>• Kvinnedagen (8. mars)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har hjartesamling</li> <li>• Vi snakkar om kvinnedagen som er 8. mars.</li> <li>• Formingsaktivitet</li> </ul>
<b>April</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påskevandring</li> <li>• Ikkje samling påskeveka</li> <li>• Blyantgrep og eige namn</li> <li>• Alfabetet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi reiser på påskevandring i kyrkja</li> <li>• Vi skjekkar blyantgrep og om barna kan skrive namnet sitt</li> <li>• Vi repeterer alfabetet og har oppgåver med bokstavar</li> <li>• Formingsaktivitet</li> <li>• Førskulegruppa tek påskeferie i veke 16.</li> </ul>
<b>Mai</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjartesamling</li> <li>• Framsyning sommarfest</li> <li>• Skulebesøk</li> <li>• Måle høgde på barna</li> <li>• Sommarfest</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har hjartesamling</li> <li>• Vi førebur framsyning til sommarfesten</li> <li>• Vi reiser på besøk til skulane barna skal på</li> <li>• Vi måler høgda på barna og ser kor mykje dei har vekse.</li> </ul>
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avslutte førskulegruppa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi går tur til dagsturhytta og kosar oss heile dagen!</li> <li>• Vi snakkar om året, kva har vore kjekt / mindre kjekt.</li> <li>• Evt. formingsaktivitet</li> </ul>



## HJARTESAMLING

«Hjartesamling» er eit pedagogisk verktøy tilpassa barn i barnehagealder. Det er bygd på Nok sin modell for undervisning i grunnskulen, og utvikla gjennom eit samarbeid mellom Smiso Troms (senter mot incest og seksuelle overgrep) og Strandkanten FUS barnehage i Tromsø.

«Hjartesamling» er ein metode for å kunne gje barn eit språk og verktøy til å kunne fortelje om det som er vanskeleg. Sentrale tema er berøringar, kjensler, vennskap, hemmelegheiter og kroppen.

## SVØMMEOPPLÆRING

I samarbeid med Terapibassenget har vi gleda av å tilby svømmeopplæring til førskulegruppa vår! Det blir seksten svømmeopplæringar per år, åtte på hausten og åtte på våren.

Målet med undervisninga er å gjere barna tryggare i og ved vatn, slik at barnas symjeferdigheitar blir betre. Symjing har betydning for sikkerheita i vatn for heile befolkninga og dei fleste syns det er kjempegøy å vere i vatn!

**Til svømmeopplæringa treng barna:** badedrakt, badehette og handkle.

Vi har berre 15 minuttar i garderoben før og etter bading, so viktig at barna ikkje har med seg anna enn nødvendig på svømming. Såpe er i dusjen på terapibassenget. **NB! Merk alt barna har med på bading. Er det ikkje merka kan vi ikkje garantere at det kjem heim.**



## FRODE LAKS



Overgangen mellom barnehage og skule kan vere både spanande og skummel. Derfor har vi Frode Laks. Frode Laks er ein snakkande laks som fungerer som eit overgangsobjekt for barna. Frode laks kjem med fleire overgangsobjekt, både i form av leikar, songar og historiar, som vi brukar jamt og trutt gjennom året.

Overgangsobjekt er symbol som vekkar positive kjensler og dermed kan trygge barnet i utsette periodar. Musikk, dans og rørsler er ofte noko av det første barna møter og kjenner glede over som små, og derfor brukar vi dette aktivt i overgangen mellom barnehage og skule.

Desse overgangsobjekta brukar vi i forbindelse med Frode Laks:

